



ÅRSMØTE I HORDALAND UNGDOMSLAG 2020

Åsatun, 08.mars 2020, kl. 12.00

Frammøtte:

Styret: (flatt)

Øystein Rambjørg (Strilaringen)

Lisbeth T Liland (Fana UI)

Hilde Jordahl (Åsane UI)

Oddrun E Larsen (Strilaringen)

Lokallagsutsendingar:

Ingen utsendingar møtte.

1. Opning/konstituering:

Innkallinga godkjent utan merknader. Saklista vart godkjent.

Ordstyrar: Øystein Rambjørg

Skrivar: Oddrun E Larsen

Teljekorps: oppnemnd ved behov.

2 protokollunderskrivarar: Lisbeth og Hilde.

Redaksjonsnemnd vert oppretta ved behov.

Ingen fullmakter til godkjenning.

2. Årsmeldingar:

Årsmeldinga for Hordaland Ungdomslag vart gått gjennom på Årsmøte.

Innspel:

Stryka første setning i kapitlet om Hardangerjol.

Under kapittel Informasjon:

Styret har formidla vidare info om arrangement via Hypersys.

Gjennomgang av tal lokallag og medlemmer. Eit lokallag har meldt seg ut i 2019.

Under kapittel Bunadsarbeid: Eit vellukka kurs med 8-10 deltakarar. Og under arbeidet med adresser skal bunadsnemnda skiftast ut med prosjektgruppa til bunadskontakten.

Under kapittel Teaterarbeid: namne endring frå Hordaland Teater til Det Vestnorske teateret. Skifte vart gjennomført på Generalforsamlina i april 2019.

Vedtak:

Årsmøte godkjenner årsmelding 2019 for Hordaland ungdomslag med innkomne merknader.

Ø. Rambjørg
L. T. Liland

1-av 4

H. Jordahl

3. Rekneskap:

Hordaland Ungdomslag 2019:

Rekneskapen for HU 2019 vart gjennomgått og revisjonsmeldinga vart lest opp. Revisor tilrår styre i HU å rydda opp i kontolista samt tapsføra kassa som ingen veit kvar er.

Vedtak:

Årsmøte godkjenner rekneskapen for Hordaland Ungdomslag 2019 og tek revisjonsmelding til vitande. Styret vil i løpet av 2020 utføra dei oppryddingane i kontoane som revisor påpeika.

Hardangerjol 2018:

Rekneskapen for Hardangerjol 2018 gjennomgått og revisjonsmeldinga vart lest opp

Vedtak: Årsmøte godkjenner rekneskapen for Hardangerjol 2018 og tek revisjonsmelding til vitande.

4. Hardangerjol si framtid:

Styre i HU har ikkje lukkast i å få til eit møte med bladstyret og lokallaga i Hardanger. Styre har ut frå det at lokallaga i Hardanger ikkje har vist interesse i å ta opp kva ein skal gjera med juleheftet Hardangerjol, kome til den konklusjonen at bladet ikkje lenger er liv laga, og at ei nedlegging er einaste utveg.

Vedtak:

Juleheftet Hardangerjol vert lagt ned frå 01. oktober 2020 då rekneskapen er sluttført. Eiga vert å fordela i samsvar med § 8.3 i lova til HU.

5. Arbeidsprogram 2020:

I innleiinga under punkt 3 andre setning skal folkemusikk også førast opp. Bør og førast opp i punkt 3.5

Vedtak:

Arbeidsprogrammet for Hordaland Ungdomslag 2020 vart samrøystes godkjent med dei tilføyingar som er notert ovanfor.

6. Endring av ordning for innkrevjing av medlemspengar:

NU har anbefalt styret i HU å sjå på ordninga for innkrevjing av medlemspengane frå HU sine lokallag, slik at den blir tilsvarende som for dei andre fylkeslaga i NU.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek å gå inn for NU sin ordning om felles innkrevjing av medlemspengane frå lokallaga til HU og NU.

7. Medlemspengar 2022:

Etter påverknad og rådgjeving med NU har styret kome til den slutninga at ein i år gjer framlegg om å endra satsane for medlemspengar.

HU sine satsar har vore uendra i mange år og likevel er HU sine satsar blant dei høgaste av NU sine fylkeslag. Styret har og funnet det naudsynt å gjere desse endringane med verknad frå inneverande år, og må då oppheve tidlegare vedtak om medlemspengar gjort på årsmøta i 2018 og 2019.

Olavsen
L.G. Laland

2 av 4

H. Jordahl

Vedtak:

Vedtak om medlemspenge for 2020 gjort på årsmøtet i 2018 og vedtak om medlemspenge for 2021 gjort på årsmøtet i 2019 vert oppheva.

Medlemspenge for 2020, 2021 og 2022 vert sett til kr 40 for vaksne og kr 20 for born og ungdom med verknad frå 2020.

8. Budsjett 2020:**Vedtak:**

Budsjettet vart samrøystes vedteke.

9. Fråsegner:

Ingen innkomne fråsegner.

10. Innkomne saker:

Ingen innkomne saker.

11. Fråskriving av forkjøpsrett for sal av tidlegare ungdomshus til Skånevik Ul:

Styre har undersøkt saka nærare, og har i den samanheng fått opplyst at dette er for HU uvedkomande då dette berre gjeld for eventuelle ungdomslag i nærleiken som har tilknytning til Noregs Ungdomslag.

Styre gjer her ikkje noko framlegg til vedtak, men ser det likevel som viktig å opplyse årsmøtet om saka.

12. Val 2020:

STYRET		Lokallag
Leiar		
1	Ny – 1 år	
Styremedlem – 4 personar		
Hilde Jordahl	Attval – 1 år	Åsane UL
Oddrun E. Larsen	Attval – 1 år	Strilaringen
Øystein Rambjørg	Ikkje på val – 1 år att	Strilaringen
Lisbeth T. Liland	Attval – 1 år	Fana UL
Barn og ungdom: Ida Haugen Skulstad	Ny – 1 år	Nordbygda UL
Varamedlem – 2 personar		
Malin R. Jørgenvik	Attval – 1 år	Lindås UL
2	Ny – 1 år	UL

O. E. Larsen
L. T. Liland

3 av 4

H. Jordahl

BARNE- OG UNGDOMSNEMNDA		Lokallag
(medlemer i aldersgruppa: 14 – 26 år)		
Leiar		
Ida Haugen Skulstad	Ny – 1 år	Nordbygda UL
Medlem – 2 personar		
Malin R. Jørgenvik	Supplering ny – 1 år	Lindås UL
3	Ny – 2 år	
Varamedlem – 1 person		
4	Ny – 1 år	

Vedtak:

Årsmøte gjev styre i HU fullmakt til å finna dei manglande tillitsvalde samt ettersynsfolk.

Årsmøte gjev og styre fullmakt til å utpeika utsendingar til Landsmøte i Noregs Ungdomslag.

Møte slutt kl. 15.40

Oddrun E. Larsen
Oddrun E Larsen
-referent-

Lisbeth T. Liland
Lisbeth T Liland
Protokollunderskrivar

Hilde Jordahl
Hilde Jordahl
Protokollunderskrivar